



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 28.10.2019
Vår ref.: 2019/18392-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.: 19/2067 - 19/15300

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksak - gnr. 38, bnr. 18 - Helland - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 23.10.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Helland i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmarkt innan kulturminnevernet.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med (det omsøkte) tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmarkt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført så raskt som råd etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.